

Gode råd til deg med ungdom på hybel

Voss er eit regionssenter med to store vidaregåande skular med rundt 1000 elevar. Omlag 300 av desse bur på hybel. SLT-gruppa på Voss ynskjer å gje råd til deg som skal senda ungdomen din på hybel.

Ver tydeleg – lag avtalar og set grenser

Ungdom som bur på hybel treng tydelege vaksne og klare forventningar. Det er viktig at du som føresett viser interesse for skule og fritid. Våg å snakk om trivsel, vennskap, rus, økonomi og kvardagsrutinar.

Klare avtalar gjev tryggleik, og gjer det lettare å ta gode val:

- Innetider og besøk på hybelen
- Alkohol og andre rusmiddel
- Kva gjer de dersom noko uventa skjer

Oppmod ungdomen til å koma heim i helger

SLT opplever at ungdom som bur på hybel ofte kan utfordra grenser då dei ikkje har føresette i nærleiken. Me anbefalar at hybelungdom reiser heim i helger fyrste skuleåret.

Skaff deg eit vaksennettverk på Voss

Me oppmodar føresette om å oppretta kontakt med hybelvert og andre ungdomsforeldre.

Ver tilgjengeleg – følg med og følg opp

Sjølv om ungdomen din har flytta på hybel, har du framleis ansvar som forelder og er den viktigaste i ungdomen sitt liv.

Kven kan du kontakta på Voss?

Dersom du, eller ungdomen sjølv, treng råd, støtte eller hjelp, finn de informasjon om støttetjenestene her: voss.herad.no - *Er du uroa for eit barn eller ein ungdom?* Ta kontakt, det finst hjelp å få.

Helsing frå SLT-gruppa på Voss

Politi, kultur og fritid ungdomsavdelinga, utekontakt, kommunepsykolog, skulehelsetenesta, Voss gymnas, Voss VGS, ungdomskular, barnevernstenesta, avd. psykisk helse og rus, integreringstenesta, Voss Frivilligsentral og NAV.